



DEN NORSKE KYRKJA
Høyanger Kyrkjelege fellesråd

Marcus Thranes gate 3
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100

Høyanger 15.05.24

Protokoll frå møte i Høyanger kyrkjelege fellesråd

torsdag 23.05.2024. kl.11.00 på Høyanger kyrkjekontor.

Frammøte:

Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Vidar Myren (på Teams) , Heike Müller, Toril Lange, Bjørn Harald Nybø, Kjersti J. Søreide, Sissel Sørebo og Andreas Ester

Varsla forfall: *Frode Merkesvik, Terje Søreide og Torsten Müller*

Opning av møtet:

- **Innkalling, sakliste og møteprotokollen frå sist ordinere møte og e-post-møtet vart godkjent.**
Til dagsorden: Ein tok vedtakssakene først sidan Sissel Sørebo måtte gå kl. 12.15 – ho deltok i møtet fram til vedtakssakene var ferdig handsama.
- **Soknepresten har ordet**
Den kristne «trua» er ikkje ei tru på historiske hendingar, men noko som skjer her og no. Anden – skapingsanden, verkar her og no. Teksta søndag er henta frå Johannes evangeliet: Jesus ropar – kom til meg du som tørstar!

Meldingssaker (vart tekne etter vedtakssakene):

007 Revisjonsrapporten

Rapporten kan vi berre ta til vitande. Men notane som følger må vi ta med vidare i arbeidet. Det budsjettet som må reviderast slik at det tek høgde for inndecking av underskot vi har frå drifta 2022, men og i investeringsbudsjettet. Så må det ordnast slik at vi får fakturert betalingane i gravsystemet gjennom økonomisystemet. Dei andre kommentarane går på formelle føringar som ein må rette på i samband med årsavslutninga f.o.m. neste år.

008 Avslutninga for Gerda / konserten med Abram Bezuijen

Desse arrangementa blir handsama av høvesvis sokneråda på Kyrkjebø og i Høyanger. Avslutninga for Gerda vert heilt enkel – med konsert og ei kaffistund i etterkant. Der vil ho få ei helsing og gåve frå HKF.

009 Arbeidsgivarkonferansen i Bergen

Leiar i HKF – Sturla Bell Fossen og Kyrkjeverja deltok her. Det gjekk på tarifftekniske ting i samband med føreståande forhandlingar. Dessutan på eit samarbeidsorgan som skal sikre kommunikasjonen mellom fellesråda og bispedømmerådet. Sturla informerte kort om dette.

010 Kyrkjeverja har ordet

- Status vedlikehaldsarbeid:

Det er gjort flott dugnadsarbeid ved fleire av gravplassane/kyrkjene. Soleis blir det klipt hekkar, felt tre, rydda raka og pynta. Muren ved kyrkja i Høyanger er mala og det er planlagt maling av klokketårnet i Vadheim, samt at det blir ordna ein ekstra vasspost. Av større arbeid er no skadane i betongen på korveggen til Høyanger kyrkje fiksa.

Vedtaksaker:

016/24 Tilsetting av organist / kyrkjemusikar

Vedtak:

Peter T. Jobbagy vert tilsett i 40 % stilling som organist i Høyanger, og Harald Dahlstrøm vert tilsett i 50 % stilling som kyrkjemusikar i Høyanger.

Båe vert tilsette frå snarast råd, og får tilsendt brev med ein akseptfrist for tilbodet. Dersom berre ein av dei to aksepterer tilbodet, står det likevel ved lag for den andre.

Kyrkjeverja får fullmakt til å framforhandle dei nødvendige praktiske løysingane. Resultatet av dette vert å leggje fram for HKF til endeleg avgjer.

Samrøystes

017/24 Tilsetting av administrasjonssekretær

Vedtak:

Renate Ørnehaug Dale blir tilsett i 50% stilling som Administrasjonssekretær

Ho vil bli tilsett snarast råd og får tilsendt brev med frist for å ta imot stillinga. Dersom ho ikkje tek imot stillinga vert den lyst ut på nytt.

Kyrkjeverja får fullmakt til å framforhandle dei nødvendige praktiske løysingane. Resultatet av dette vert å leggje fram for HKF til endeleg avgjer.

Samrøystes

Neste møte vert 20.juni kl.10.00

Protokoll ført av:

Stig Jonny Fitje

Kyrkjeverje for Høyanger kyrkjelege fellesråd